

AVGRENSE OG FOREBYGGE SMITTE AV KORONA-VIRUS (COVID-19).

Kva saka gjeld:

Kommunen har eit ansvar for å forebygge smittsom sjukdom jf. smittevernlova § 7-1, og må innføre tiltak jf. smittevernloven § 4-1, for å avgrense og forebygge smitte av Korona-virus (Covid-19). Vi viser til melding frå kommuneleiinga og kommuneoverlege i Stranda kommune 12.03 2020.

Tiltaket vil gjelde inntil vidare og situasjonen vert vurdert fortløpande.

«Kriseleiinga med smittevernlege og kommuneoverlege har i dag vedteke at ingen cruisepassasjerar får kome i land i hamner i Stranda kommune. Dette med bakgrunn i vanskar med smittevernsproing.»

Dette vil dessverre ramme **alle** som har passasjertrafikk over Stranda kommune sine kaier (Stranda – Hellesylt – Geiranger – Liabygda):

- Cruiseskip
- Hurtigruten
- Sightseeingbåter
- Chartertrafikk med båt
- RIB-båter

I tillegg har vi fått følgjande melding frå The Fjords som gjeld ferje Hellesylt – Geiranger.

«På grunn av pågåande pandemi og bookingar som uteblir har vi i dag beslutta å utsetje oppstarten av ferjerutene på Geirangerfjorden i første omgang til 30.april. Vi gjer løpande vurderingar og kjem tilbake med oppdatert info.»

Cruiserederia kansellerer anløp i hamner. Oppdaterte lister på kanselleringar ligg her:

<https://www.stranda-hamnevesen.no/cruise-calls>

13.03.2020

Rita Berstad Maraak

Hamnesjef

Stranda hamnevesen KF